

Til stades: Hilde Reitan - leiar, Camilla Granlien – nestleiar, Kristian Hanto - nestleiar, Kjellbjørn Karsrud (deltok berre på dag ein, og fikk med det ikkje med seg sakene 53 og 59, samt kurs), Thomas Nilssen, Tormod Kleiveland, Torfinn Hofstad og Ole Erik Feragen – 1.vara

Frå administrasjonen: Linda Dyrnes – dagleg leiar, Liv Annette Nygjerdet – dei tilsettes representant, Audun Stokke Hole – redaktør under sak 50, Solfrid Gjeldokk under sakene 51 og 52, Sina Myhr under sakene 55-58.

Tid: Torsdag 9.september kl. 10-17. Fredag 10.september 9-15.
Stad: Anker Hotel, Storgata 55, Oslo

Sakliste

- | | |
|------------------|--|
| Styresak 2021/47 | Innkalling og sakliste |
| Styresak 2021/48 | Orienterings-, drøfting- og referatsaker |
| Styresak 2021/49 | Revidering av instruks for og arbeidsdeling mellom styret, AU og dagleg leiar. Praktisk informasjon. Andre handsaming. |
| Styresak 2021/50 | Magasinet Folkemusikk - organisering |
| Styresak 2021/51 | Årets lokallag |
| Styresak 2021/52 | Årets folkemusikkarrangør |
| Styresak 2021/53 | FolkOrg 100 år i 2023 - vidare planlegging |
| Styresak 2021/54 | Musikkontoret.no |
| Styresak 2021/55 | Revidering av Retningslinjer ved seksuell trakassering, diskriminering og maktmisbruk |
| Styresak 2021/56 | Bygda dansar |
| Styresak 2021/57 | Kongepokalar og finalar på Landskappleiken 2022 |
| Styresak 2021/58 | Reglement for instrumentutstilling på Landskappleiken |
| Styresak 2021/59 | Eventuelt |

Styresak 2021/47 Innkalling og sakliste

Vedtak: Innkalling og sakliste vert godkjend.

Styresak 2021/48 Orienterings-, drøfting- og referatsaker

Vedlegg: Driftsrapport per 31.august, rekneskapsrapport med merknader, Overordna styringsdokument frå MIR, protokoll frå lønnsandsamingar med ny lønnspolitikk.

- a) Driftsrapport per 31.august
 - a. Rådgjeving/Opplæring/service
 - a. Vi har gjennom NMR fått landa ein korona-tilpassa TONO-avtale for lokallaga våre. Det arbeidast med å få noko tilsvarende for arrangørane våre.
 - b. Vi har fordelt FolkOrg sin Rekrutteringsstønad. Totalt vart kr. 100 000,- fordelt på 12 ulike lokallag.
 - b. Formidling og arrangement – oppsummering:
 - a. Landskappleik og Landsfestival i gammaldansmusikk:
 - a. Har hatt møte med arrangørane for neste år og nokre av dei som kjem seinare.
 - b. Har hatt dialog med Det kongelege hoff om kongepokalar.
 - c. Har hatt dialog med Furestiftinga om utsetting av utdeling av prisane frå 2020 til 2022.
 - b. Folkelarm
 - a. Planlegging og rapportering held fram.
 - b. Vi har valt Kulturmeglerne som partner og hatt møte med dei om promotering.
 - c. Informasjon og opplysning – oppsummering:
 - a. Folkemusikk – magasinet:
 - a. **Folkemusikk nr. 3/21** blei trykt 10. mai, med eit sidetal på 80.
 - b. Johanne Flottorp byrjar som journalist i Folkemusikk i 20% stilling frå 1. september. I første omgang varar stillinga i eitt år. Viktigaste oppgåva for journalisten vil vere å halde nettstaden folkemusikk.no oppdatert med nyheiter frå Folkemusikk- og Folkedans-Noreg.
 - d. Påverknad/samarbeid – oppsummering:
 - a. Vi har hatt tre møte i Musikkindustriens næringsråd (MIR) sidan sist styremøte.
 - b. Har delteke på Kulturrådets og Norsk filminstitutt dialogmøte om kva som skal til for å få kulturlivet på gamle høgder att. Det vil bli fleire møter om det.
 - c. Vi har saman med Arrangørforum arrangert debatt under Kulturytring Drammen. Dagleg leiar var med i panelet
 - d. Har saman med Arrangørforum stått bak to debattar under Arendalsuka. De kan sjå debatten Musikk sett i system [her](#) og Når kulturen kommer tilbake [her](#).
 - e. Vi har, saman med resten av Arrangørforum, delteke i møte med Arrangør- og festivalutvalet i Norsk kulturråd. Dei ville vite ståa til arrangørfeltet no og kva som trengs framover.
 - f. Dagleg leiar vart intervjuet i Ballade om organisering av kulturfeltet og ønsket om ei Stortingsmelding om musikk. Den finn de [her](#).
 - g. Har delteke på dei årlege møtene i Balansekunst, Krafttak for sang og Kulturrom
 - e. Særskilde satsingar
 - a. Lag og medlemmer:
 - a. Arbeidd vidare med Dextra-prosjekta

- b. Arbeidd vidare med FolkLeiarUng
- c. Har gjort klar spørjeundersøking om seksuell trakassering saman med Norsk senter for folkemusikk og folkedans og Noregs ungdomslag. Den blir sendt ut av Opinion i slutten av september.
- d. Vi har arbeidd med revidering av retningslinene mot seksuell trakassering, diskriminering og maktmisbruk, og øvrig arbeid for å oppnå Balansemerket.
- e. Vi har arrangert digital medlemskaffi for medlemslaga.
- b. Informasjon, formidling, dokumentasjon
 - a. Har fått inn tre tilbod på filmselskap til adventsendingane AdventFolk.
 - b. Har starta samarbeid med Valdres folkemuseum og Valdres folkemusikkarrangementer AS om opptaksstad/fasiliteter til Adventfolk
 - c. Vi har fulgt opp mange av mottakarane av Aktivitetstilkot 2021 for å få foto-/videodokumentasjon frå dei ulike prosjekta som vi planlegg å bruke i samband med Adventfolk.
- c. Folkedans
 - a. Bidrege med å spreie Dansegledede-videoen i våre kanalar. Avtala å syne fram den ferdige videoen i AdventFolk-programma våre.
 - b. Deltatt på samrådsmøtet for folkedans.
 - c. Har hatt dialog med statssekretær Emma Lind om finansiering av ei bachelorutdanning i folkedans.
- d. Anna:
 - a. Snapchatkontoen "Folkemusikk Norge" har vore mykje brukt i det siste
- b) Regnskapsrapport per 31.august 2021
- c) Musikkindustriens næringsråd (MIR) – overordna styringsdokument til orientering.
- d) Ny lønnspolitikk og lønnshandsamingar
- e) AdventFolk
- f) Nye nettsider
- g) Eventuelt

Vedtak: Styret tek orienterings- drøfting- og referatsaker til orientering med desse merknadene:

- a) Ingen merknad
- b) Ingen merknad
- c) Ingen merknad
- d) Ingen merknad
- e) Styret vedtok å opprette ein Eldsjelpris der dei nominerte blir presenterte under AdventFolk, og der publikum kan stemme på den dei meiner bør vinne.
- f) Ingen merknad
- g) Diverse får styret:
 - a. Kristian Hanto orienterte frå årsmøte i Telemark folkemusikklag, der aktiviteten er ganske god, om noko varierende. Johanne Flottorp er tilsett i eit rekrutteringsprosjekt der, og det har vore positivt for miljøet som heilskap.
 - b. Torfinn Hofstad var på årsmøte i Hilmarstiftinga, der fokuset var meir framoverskuande enn tilbakeskuande, då siste festival måtte avlysast midt i.
 - c. Liv Annette Nygjerdet deltok på årsmøtet i Trøndelag folkemusikklag, det var over på 45 minutt. Dei etablerer no nye nettsider.

- d. Hilde Reitan var på årsmøtet til Gudbrandsdal folkemusikklag. Dei skal arrangere Gudbrandsdalskappleiken i november. Gammalt styre held fram. Ein representant frå Musikkrådet var til stades og oppmoda om å søke midler.
- e. Hilde Reitan var på årsmøtet i Hedmark folkemusikklag, der det var stort oppmøte. Positivt at dei har fått juniorspellmannslag i Nord-Østerdal.
- f. Kjellbjørn Karsrud har fått attendemeldingar om at styret bør vere meir aktive i offentleg debatt, og spurte om ikkje alle styremedlemmer bør utfordras til å skrive eit innlegg kvar. Det vart ikkje gjort vedtak her, men vi tek med diskusjonen vidare.

Styresak 2021/49 Revidering av instruks for og arbeidsdeling mellom styret, AU og dagleg leiar. Praktisk informasjon. Andre handsaming.

Vedtak:

- a. *Framlegg til revidert dokument for styre, arbeidsutval (AU) og dagleg leiar: Arbeidsfordeling, instruks, retningslinjer, rutinar og praktisk informasjon, blir vedteke med eit par språkelge endringar.*
- b. *Styret legg fram framlegg til ei vedtektsendring som tydeleggjer at det er dagleg leiar som står for tilsettingar i administrasjonen på Landsmøtet i 2023.*

Styresak 2021/50 Magasinet Folkemusikk – organisering

Vedtak:

Det blir ikkje gjort vedtak om endringar i organisasjonsmodellen for Folkemusikk no.

Styresak 2021/51 Årets lokallag

Vedtak:

De nominerte til prisen Årets lokallag er (i alfabetisk rekkjefølge):

Bergen Ungdomslag Ervingen

Bærum spelemannslag

Gransherad spel- og dansarlag

Prisen blir delt ut på AdventFolk

Styresak 2021/52 Årets folkemusikkarrangør

Vedtak:

Dei nominerte til Årets folkemusikkarrangør er (i alfabetisk rekkjefølge):

Heme dine

*Rudi gard
TrondheimFOLK*

Prisen blir delt ut på Folkelarm

Styresak 2021/53 FolkOrg 100 år i 2023 – vidare planlegging

Vedtak:

- a) Vi planlegg 100-årsjubileum for FolkOrg, og arbeider parallelt arbeider med å få status som Folkemusikkens og folkedansens år.
- b) Ny prosjektgruppe består av: Camilla Granlien, Hilde Reitan, Torfinn Hofstad og Linda Dyrnes
- c) Vi lyser ut prosjektleiarstilling i 40 % stilling.
- d) AU lagar eit framlegg til eit mandat til redaktør for ein antologi. Vi spør Anne Hytta og John Ole Morken om å ta på seg redaktøransvaret saman.

Styresak 2021/54 Musikkontoret.no

Vedtak: FolkOrg inngår samarbeidsavtale med Musikkontoret As om prosjektet musikkontoret.no.

Styresak 2021/55 Revidering av Retningslinjer ved seksuell trakassering, diskriminering og maktmisbruk

Vedtak:

Den oppdaterte versjonen av retningslinjene ved seksuell trakassering, diskriminering og maktmisbruk vert midlertidig godkjent av styret. Formell godkjenning vert gjort på neste Landsmøte i 2023.

Styresak 2021/56 Bygda dansar

Vedtak:

Vi set ned ei arbeidsgruppe bestående av Kristian Ihle Hanto, Sina Myhr og Linda Dyrnes som etter representantskapsmøtet skriv eit innspel til SFF.

Styresak 2021/57 Kongepokalar og finalar på Landskappleiken 2022

Vedtak:

Vi søker om å få dele ut to kongepokalar i 2022 og to kongepokalar i 2023 ut frå vedteken rekkjefølge.

Styresak 2021/58 Reglement for instrumentutstilling på Landskappleiken

Vedtak: Instrumentutstillinga på Landskappleiken i 2022 skal vere for instrument laga dei siste fire åra. Utover dette gjeld dei same reglane som tidlegare, og desse skal integrerast i resten av tevlingsreglementet.

Styresak 2021/59 Eventuelt

- a) Camilla Granlien tek kontakt med SafeMuse for å drøfte om vi saman kan gjere noko for situasjonen for musikarar i Afghanistan.
- b) Styret i FolkOrg vil gå inn for at vi utnemner Lubna Jaffery som styreleiar for Riksscenen for ei ny periode.